



## Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Kristian Bauge / 55516337

Vår referanse:  
16/28476-298

Dykkar referanse:

Vår dato:  
22.05.2019

### Informasjon om justering av bompengetakstane på Hardangerbrua

Statens vegvesen, Region vest viser til tidlegare sendt sak til kommunane med dok.nr: 16/28476-68 om omlegging av takst- og rabattsystemet for Hardangerbrua, samt til brev frå Voss kommune til Samferdsleavdelinga i Hordaland fylkeskommune dagsett 15.01.2019, der det vert bede om at det vert gjennomført ein snarleg evaluering av dei nye bompengetakstane på Hardangerbrua og i Vossapakken.

Etter omlegging til nye takstar frå 1. desember 2018 har gjennomsnittleg inntekt låge under målet for køyretøya i takstgruppe 1, og over målet for køyretøya i takstgruppe 2. Statens vegvesen, Region vest har difor sendt sak til Bergen, Eidfjord, Granvin, Kvam, Ullensvang, Ulvik og Voss kommunar med forslag om justerte takstar i prosjektet. Forslaget til nye takstar er som følgjer:

Takstgruppe 1:       kr 145  
Takstgruppe 2:       kr 450

Dei føreslegne takstane er venta å gje gjennomsnittleg inntekt per passering på kr 113 i takstgruppe 1 og kr 353 i takstgruppe 2. Passeringstak på 25 passeringar kvar månad vert vidareført.

Saka har vore handsama i alle kommunane med unnatak av Bergen som har meldt til Statens vegvesen at kommunen ikkje handsamar saka då kommunen ikkje lengre eig aksjar i selskapet. Dei andre kommunane har stilt seg bak forslaget til justerte takstar.

Det er òg lagt opp til at det vert innført bompengavgift for nullutsleppskøyretøy i prosjektet samstundes med justeringa av takstane. Nullutsleppskøyretøy med gyldig avtale og elektronisk brikke skal betale kr 58.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Statens vegvesen vil fatte nytt takstvedtak for Hardangerbrua og legg opp til å kunngjere nytt takstvedtak innan utløpet av juni måned, slik at ein kan endre takstar for prosjektet frå 1. august 2019.

Med helsing

Tone Margrethe Oppedal  
Avdelingsdirektør

Kristian Bauge

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*